



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	22.03.2018
Tid:	16:30 – 19:40

Medlemmer som møtte:

Svein Gjelseth	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Runar Stave	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Leiv Aarflot	Medlem	AP
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
Edel Kvalsund Goksøy	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Arnulf Goksøy	Leder	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Idar Kjell Tarberg	Medlem	H
Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK
Kjell Runde	Medlem	FOLK
Kaja Runde	Medlem	FOLK
Frank Roy Moltu	Medlem	FOLK

Forfall:

Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP
Per Kristian Furø	MEDL	AP
Rakel Anett Gjølseth	MEDL	AP
Bjørn Otterlei	MEDL	H
Sigurd Voldsund Nygard	MEDL	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	MEDL	H
Marthe Vågsholm Sævik	MEDL	H
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP

Varamedlemer som møtte:

Egil Kjell Leikanger	Reidun S Myrvågnes	AP
Johnny Hundsnes	Per Kristian Furø	AP
Jan Arve Drabløs	Bjørn Otterlei	H
Knut Tandberg	Sigurd Voldsund Nygard	H
Oddmund Voldsund	Janne-Katrin Hansen Sævik	H
Joakim Eiksund	Marthe Vågsholm Sævik	H
Knut Johan Voldsund	Thor-Sigmund Garvik	FRP
Kjetil Kvalsvik	Dag Kåre Nærø	FRP

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
 Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
 Planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand
 Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller
 Kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy

Møtet vart annonsert i Vestlandsnytt og sakliste vart sendt til medlemene og varamedlemene i kvar gruppe.

Det møtte 24 medlemer og 8 varamedlemer, tilsaman 32 representantar, 1 mindre enn fulltallig. Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetning.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
 Edel Kvalsund Goksøy og Leiv Aarflot

Johnny Hundsnes fekk permisjon frå kl. 18:30 etter handsaming av K-sak 34/18.
 Linn Therese H. Sævik fekk permisjon frå kl. 18:45, under handsaming av interpellasjon.

Sakene vart handsama i oppsett rekkefølge.

Til slutt i møtet:

- Ordføraren svara på grunngitt spørsmål om barnevern/tilsynsansvar/omsorg i fosterheim frå Kjell Runde FOLK/SP.
- Interpellasjon frå Solveig Båtsvik Frp om innføring av digitalt varslingsystem for mobbing i skulen.
 Slikt oversendingsframlegg vart samrøystes vedteke:
 Kommunestyret ber rådmannen sjå på dette tiltaket om digitalt varslingsystem som eitt av tiltaka som kjem fram under pkt. 4 i vedtaket som vart gjort i K-sak 32/18 Ungdata. I forkant av budsjettdebatten skal administrasjonen innhente fakta og erfaringar ang. tiltaket.

underskrifter

Edel Kvalsund Goksøy

Arnulf Goksøy
 ordfører

Leiv Aarflot

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 18/18	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 19/18	Protokoll frå førre møte.
PS 20/18	Delegerte saker
PS 21/18	Referatsaker
PS 22/18	Ordførarens kvarter
PS 23/18	Slutthandsaming: Detaljreguleringsplan for indre Moltumyr, gbnr 60/32 m. fl.
PS 24/18	Økonomisk avslutning - prosjekt 51350 Veg frå Myklebust til Campus
PS 25/18	Prosjekt 51937 - Leine bustadfelt - Skuletomta - Økonomisk avslutning
PS 26/18	Endringar i Plan- og bygningslova - endring i delegasjonsreglement og planmynde
PS 27/18	Tiltakspakke 2017 - sluttrapport
PS 28/18	Pilot marine naturtypekartleggingar på Søre Sunnmøre
PS 29/18	Sal av kommunale bustadar - reinvestering i nye bustadprosjekt
PS 30/18	Borgarleg vigsel - fleire vigslarar og gebyr på tenesta.
PS 31/18	Digitaliseringsstrategi for kommunane på Søre Sunnmøre.
PS 32/18	Varsling - rutinar på varsling av personer i leiargruppa til rådmannen
PS 33/18	Søknad om fritak frå politiske verv - Magnar Taklo
PS 34/18	Ungdata-undersøkinga i Herøy. Oppfølging etter seminar.

Delegerte saker frå avdelingane:

- DS 45/18 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for åpent arrangement (enkelt, bestemt anledning). Sildehelg 23.02. - 24.02.2018.
- DS 46/18 Frode Hammerseth 45/165 - Ferdigattest
- DS 47/18 Steffen Moltu 80/14 - Rammeløyve garasje og terrasse
- DS 48/18 Statens Vegvesen Region Midt - 34/98 - Riving av bygg
- DS 49/18 Kjartan Berge 29/4 - Løyve til frådelling
- DS 50/18 Ferdigattest - 26/237 - seksjon nr 1, 2, 3 og 4
- DS 51/18 Stian Skåre Albertsen 45/24 -Løyve til tiltak tilbygg hytte og naust
- DS 52/18 Gnr. 30 bnr. 84 - Frådelling av vegareal til 30/105
- DS 53/18 Ferdigattest - Vestvangbygget 34/259 og 154
- DS 54/18 Knut Ove Aspevik 50/4 - Løyve til endring av tiltak
- DS 55/18 Skjenkebevilling - Vår-dans, søknad om bevilling for åpent arrangement (enkelt, bestemt anledning)
- DS 56/18 Lene Moen Karlsen og Henning Karlsen - 29/168 - Støyskjerm
- DS 57/18 Ragnar Reite 25/27 - Løyve til tiltak rehabilitering pipe
- DS 58/18 Mellombels bruksløyve for Molo - gnr 21, bnr 2 - Frøystadvågen
- DS 59/18 John Magne Johannesen - 34/259 og 154 - Endring av tidlegare gitt løyve
- DS 60/18 Steven Rooney 33/110 - løyve til tiltak
- DS 61/18 Vågsholmen Utvikling as - Gnr 33 Bnr 3, 7, 17, 23, 34, 45, 50, 51, 52, 64,, 65, 66, 87, 94, 103, 104, 105, 113, 116, 117, 118,119,120, 121, 122 og 124 - arealoverføring til regulert vegføremål
- DS 62/18 Ferdigattest riving av hus
- DS 63/18 Cliff Andre Hasfjord 37/107 - Løyve til tiltak garasje
- DS 64/18 Statens Vegvesen Region Midt - 34/363 - Riving av bygg
- DS 65/18 Tømrer Prosjekt as - 34/361 -Frådelling av 6 parsellar
- DS 66/18 Jørn Erik Schanche 4/316 - Igangsettingsløyve
- DS 67/18 Paul Karsten Jakobsen - 9/2 - Frådelling av tilleggsareal
- DS 68/18 Herøy kommune 37/240 - Ferdigattest
- DS 69/18 Jostein Storøy 54/29 - løyve til tiltak
- DS 70/18 Thomas Andre Arnesen - 36/124 - Einebustad med integrert garasjedel
- DS 71/18 Ecomotive AS 9/113 Tiltak pilotanlegg Runde
- DS 72/18 Herøy kommune gnr. 38 bnr. 297 - Frådelling av nærings areal
- DS 73/18 Statens Vegvesen Region Midt - 34/64 og 65 - Riving av bygg

- DS 74/18 Eggesbø eidegom as - 22/65 - mellombels bruksløyve for del av lokalet
- DS 75/18 Sindre Løseth - 29/43 - Endring av tidlegare gitt løyve
- DS 76/18 Herøy kommune gnr. 60 bnr. 454 - Frådeling av tilleggsareal til 60/380
- DS 77/18 Lars Gunnar Larsen 53/5 - deling grunneidegom
- DS 78/18 Herøy kommune 45/44 Frådeling av bustadtomt
- DS 79/18 Herøy kommune gnr. 29 bnr. 216 Frådeling av to eidegomar
- DS 80/18 Ecomotive AS 9/113 - Løyve til tiltak
- DS 81/18 Frådeling av tilleggsareal frå Lena Vågsholm Sævik og Lisbet Notøy 33/113 og Kjellaug Vågsholm 33/3 til Per Kjell Vågsholm 33/50
- DS 82/18 Kjerstin L. Nygard 56/25 - Ferdigattest
- DS 83/18 Sunnmørshus AS gnr. 30 bnr. 83 Frådeling av tilleggsareal
- DS 84/18 Oluf Teige 5/14 Tiltak fritidsbustader - løyve til tiltak
- DS 85/18 Herøy kommune 37/240 - Løyve til tiltak
- DS 86/18 Herøy kommune 26/97 Frådeling av tomt
- DS 87/18 Jostein Storøy 54/29 - ferdigattest

Referatsaker:

- RS 2/18 Folkevaltnettverket - referatsak til kommunestyret
- RS 3/18 Referatsak til kommunestyret - Nettverkssamling i folkevaltnettverket 7. februar 2018 i Hornindal
- RS 4/18 Frostating lagmannsretts årsmelding 2017
- RS 5/18 Sunnmøre regionråd - referatsak til kommunestyret -referat frå siste samling i Folkevaltnettver
- RS 6/18 Signert avtale - Delavtale 4 - Samarbeid om døgntilbud for øyeblikkelig hjelp
- RS 7/18 Pasient- og brukarombudets årsmelding 2017
- RS 8/18 AMU-sak 11/18. Særutskrift Sjukefråvær 3. tertial 2017 og heile 2017
- RS 9/18 Nettverkssamling i folkevaltnettverket 07.02.2018 i Hornindal
- RS 10/18 Jensholmen nord - krav om lovlegheitskontroll.

PS 18/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

Grunngitt spørsmål frå Kjell Runde (Folk/SP) og interpellasjon frå Solveig Båtsvik (Frp) vart sett på saklista.

PS 19/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 20/18 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker får avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 21/18 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 22/18 ORDFØRARENS KVARTER

Møtebehandling:

Ordføraren takka for oppmerksomheit i sjukdomsperioden.

Ordføraren orienterte om:

- Hurtigruterederi
- Brev frå Judicia vedk. saka om Jensholmen Nord.

PS 23/18 SLUTTHANDSAMING: DETALJREGULERINGSPLAN FOR INDRE MOLTUMYR, GBNR 60/32 M. FL.

Møtebehandling:

Planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand møte og orienterte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *Detaljreguleringsplan for indre Moltumyr, gnr. 60, bnr. 32 m. fl. med plankart og føresegner datert 15.01.2018.*

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

PS 24/18 ØKONOMISK AVSLUTNING - PROSJEKT 51350 VEG FRÅ MYKLEBUST TIL CAMPUS

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

1. Økonomisk avslutning for prosjekt 51350, Veg frå Myklebust til Campus, vert godkjent.
2. Det vert løyvd 502.431 kroner ekskl. mva. til dekning av meirforbruk i forhold til vedtekne løyvingar/finansiering.
3. Meirforbruket på 502.431 kroner vert finansiert ved låneopptak.

PS 25/18 PROSJEKT 51937 - LEINE BUSTADFELT - SKULETOMTA - ØKONOMISK AVSLUTNING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

Saka vert tatt til vitende.

PS 26/18 ENDRINGAR I PLAN- OG BYGNINGSLOVA - ENDRING I DELEGASJONSREGLEMENT OG PLANMYNDE

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

Kommunestyret tek orienteringa frå rådmannen om endringa i Plan- og bygningslova til vitande.

PS 27/18 TILTAKSPAKKE 2017 - SLUTTRAPPORT

Møtebehandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

Herøy kommunestyre tek sluttrapport for tiltakspakke 2017 til vitande.

PS 28/18 PILOT MARINE NATURTYPEKARTLEGGINGAR PÅ SØRE SUNNMØRE

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

Herøy kommunestyre går inn med kommunal medfinansiering i prosjektet - «Pilot marine naturtypekartleggingar på Søre Sunnmøre».

Finansiering av prosjektet vert ved å nytte tildelte midlar frå Havbruksfondet samt bruk av eigne planleggingsmidlar over driftsbudsjettet.

PS 29/18 SAL AV KOMMUNALE BUSTADAR - REINVESTERING I NYE BUSTADPROSJEKT

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

1. Kommunestyret vedtek avhending av fylgjande gjennomgangsbustadar:

Gjennomgangsbustadar	Bueiningar
Eggesbøvegen 53	1
Igesundvegen 21	3
Rabbegjerdet 3	2
Storebakken 3	4
Storenesvegen 30-36	4
Tjørnvågevegen 274-276	2
Vatnevegen 6-12	4
Øvre Myklebust 15	2

2. Kommunestyret ber om at eksisterande leigetakar får tilbod om å kjøpe bustadane til takst. Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det einkilde sal kan finansierast heilt eller delvis med startlån frå kommunen.
3. Formannskapet vert styringsgruppe for sal av dei einkilde bueiningane. Salsgevinst skal avsettast på bustadfond for reinvestering i nye bustadprosjekt.
4. Reinvestering i nye bustadprosjekt vert å handsame på ordinær måte i kommunestyret basert på slik geografisk prioritering:
 - a. Fosnavåg sentrum frå Skarabakken til Igesund.
 - b. Utbyggingsområder langs FV 654:
 - Eggesbønes
 - Buholmvegen
 - Tjørnvåg
 - Myrvåg
5. Kommunestyret vedtek "leige til eige" som overordna strategi for eigarskapet i nye bustadprosjekt.

PS 30/18 BORGARLEG VIGSEL - FLEIRE VIGSLARAR OG GEBYR PÅ TENESTA.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

1. I tillegg til ordførar og varaordførar vert den kommunale vigselretter gitt rådmann Olaus Jon Kopperstad og kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller.
2. Det vert gebyr på vigsel i Herøy slik:
 - Gratis kvardagar i tida 08.00-16.00 dersom eit av brudefolket har bustadadresse i Herøy kommune.
 - Tilreisande kr. 1 000,-.
 - Andre tider og laurdag, sundag og heilagdagar kr. 1 500,-.

PS 31/18 DIGITALISERINGSSTRATEGI FOR KOMMUNANE PÅ SØRE SUNNMØRE.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

Kommunestyret godkjenner felles digitaliseringsstrategi for kommunane på Søre Sunnmøre med handlingsplan for perioden 2018-2021.

PS 32/18 VARSLING - RUTINAR PÅ VARSLING AV PERSONER I LEIARGRUPPA TIL RÅDMANNEN

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

Rådmannen i Vanylven vil vere administrativt ansvarleg ved varsel på tilsette i leiargruppa til rådmannen, og kommuneadvokaten vil fungere som varslingsseining – og vil vere rådgjevar i desse sakene.

PS 33/18 SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISKE VERV - MAGNAR TAKLO

Møtebehandling:

Tilråding frå valnemnda vart utdelt.

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

Magnar Taklo frå fritak frå politiske verv i Herøy kommune.

Som ny varamedlem i Felles forliksråd for Herøy og Sande 2015-2019 vert vald:
Sverre Kvalsund

PS 34/18 UNGDATA-UNDERSØKINGA I HERØY. OPPFØLGING ETTER SEMINAR.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

Herøy kommunestyre ynskjer å legge til rette for tiltak for å betre dei unge sine oppvekstvilkår i Herøy kommune.

Av tiltak som vart foreslått på Ungdata-seminaret at kommunen kan gjere, vil kommunestyret arbeide vidare med desse tiltaka snarleg:

Sjå på strukturen i ungdomsrådet og vurdere om det bør setjast opp som eit ordinært politisk organ, på lik linje med t.d. eldrerådet og råd for funksjonshemma.

1. Invitere ungdomsrådet til dialog med aktuelle kommunale organ for å få til møteplassar for ungdom i tråd med dei ynskja som er signalisert i gruppearbeidet.
2. Etablere ei dialogplattform med ungdomsrepresentantar og andre aktuelle aktørar. Dialogplattforma skal arbeide vidare med tiltak i ungdomsarbeidet.
3. Vurdere kollektivtilbodet og gjere eksisterande tilbod meir kjent gjennom kommunen sine kanalar.
4. Skule/helse vurderer om enkle grep kan betre tilhøva med helsestasjon/helsesøster som er signalisert i gruppearbeidet.

I samband med budsjettarbeidet for 2019 vil kommunestyret vurdere muligheita for å få følgjande tiltak inn i budsjettet for 2019:

1. Midlar til tilrettelegging for «SFO»/lekseplass på kulturhuset.
2. Midlar til auke av hall-kapasiteten (er under arbeid).
3. Midlar til tilrettelegging for fleire møteplassar for uorganisert aktivitetar for ungdom.
4. Midlar til etablering av mobbeombud / fokus på tiltak mot mobbing

Ungdomane har også gitt tilbakemelding om tiltak som ligg på sida av kommunen sine ansvarsområde. Av desse oppmodar kommunen til følgjande:

Næringslivet:

Oppmodar næringslivet om å legge til rette for lærlingeplassar, sommar- og deltidsjobbar for ungdom, også ung ungdom. Dette vil bidra til læring, ansvar og muligheter for ungdom.

Oppfordrar til rausheit med å sponse gode prosjekt som kjem all ungdom i Herøy til gode, også utanfor organisert idrett.

Oppfordrar bedrifter til å invitere skulane/ungdomane på omvisning i bedrifta og til å delta på skulearrangement for å vise fram kva mulegheiter ungdomen har for framtida i Herøy.

Lag og organisasjonar:

Oppmodar all organisert idrett i Herøy om å utøve sitt virke i tråd med visjonen «Idretts glede for alle» i idrettspolitisk dokument 2015-2019.

MØTET SLUTT!!